



Helse- og omsorgsdepartementet

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2011/981	11026/2011	BERG	F01	06.10.2011

Kommentar til høyringsnotat

Samhandlingsreforma – forslag til føreskriftsendringar og nye føreskrifter som følgje av Prop.91 L (2010-2011) Lov om kommunale helse- og omsorgstenester

13 Forslag til nye føreskrifter

13.1 Forslag til føreskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar

§3 Spesialisthelsetenesta sitt ansvar for vurdering og varsling

”...Dersom det antas å være behov for omfattende eller langvarig behandling i spesialisthelsetenesten, og det ikke er mulig å foreta vurderingene etter andre ledd innen 24 timer, skal vurderingane foretas og kommunene varsles så snart det lar seg gjøre...”

Dersom det er behov for omfattande og langvarig behandling, er det mest sannsynleg også behov for omfattande rehabilitering, omsorg og oppfyljing frå kommunehelsetenesta når pasienten er utskrivingsklar. Kommunen treng då eit visst handlings om for å forberede tiltak/ressursar. Kommunen ynskjer ei strengare forplikting enn ”..så snart det lar seg gjøre”.

” Det bør tidsavgrensast, til dømes ”..så snart det lar seg gjøre, og innen 48 timer.”

§4 Vilkår for at ein pasient skal sjåast som utskrivingsklar

”..når en pasient er definert utskrivingsklar...”

Når ein pasient er definert utskrivingsklar ser kommunen det som naturleg at spesialisthelsetenesta har avslutta si spesialistbehandling. Utskrivingsklar tyder ikkje nødvendigvis ferdigbehandla, og kommunen skal ta over ein pasient som kanskje treng vidare behandling, rehabilitering, oppfølging og omsorg. Dersom kommunen skal ha moglegheit til å overta ansvar for pasienten er det eit krav at nødvendige papir følgje pasienten.

Erfaringane er at legane ikkje får honorar for å skrive fyljeskriv, og at det derfor er sparsamt med opplysingar som fyl pasienten. Kommunen ser det som naturleg at det er tatt med i vilkåra for utskrivingsklar, at epikrise skal fylje pasienten frå det tidpunkt pasienten er definert som utskrivingsklar.

”..skal spesialisthelsetenesten umiddelbart varsle kommunen...”

Korleis skal varslinga gå føre seg? Bør varslinga skje på ein slik måte at spesialisthelsetenesta må få bekrefte at varlinga er mottatt for at den skal vere gjeldande. Det kan ikkje vere slik at kommunen får varslinga dagen etter eller seinare pga sjukdom, ferie eller liknande. Her bør det også gjerast klart om kommunen skal ha ein 24 timers beredskap for å ta i mot beskjedar om utskrivingsklare pasientar.

Kommuneadministrasjonen har til vanleg opningstid 08-16, og er stengd i helg og høgtid. Kan til eksempel sjukehuset melde ein pasient utskrivingsklar på litle julaften kl 16.00? Føreskriftene bør seie noko om kor tid ein pasient kan meldast utskrivingsklar. Til dømes kan det vere eit krav at det skal gjevast varsel til kommunen?

Forslag:

”dersom ein pasient er forventa utskrivingsklar til helg eller høgtid skal kommunen varslast seinast 24 timar før pasienten vert meld utskrivingsklar”.

§5 Kommunens ansvar

Kven er kommunen? Det lyt tydeliggjerast kven kommunen er. Føreskrifta seier at

”Kommunen skal avgi svar straks.”

Det betyr at det må vere ein person som har kompetanse og mynde til å ta ei avgjerd. Vert det forventa at kommunen skal ha ein slik person tilgjengeleg til ei kvar tid? Dette bør presiserast.

§6 Tidspunkt for betaling og krav til rapportering

Kva om kommunen får meld pasienten utskrivingssklar kl 08:00 om morgonen, og seier at pasienten ikkje kan kome før kl 14:00 same dag? Må kommunen då betale for disse 6 timane? Kan formuleringa vere slik:

”Betalingsplikten inntreier ved utgangen av den kalenderdagen pasienten blir erklært utskrivingssklar...”

Med helsing

Helen Berg

Prosjektleder for samhandling Ørsta kommune

